



Velkommen til Storebø FUS barnehage AS



I Storebø FUS barnehage skal barn og foreldre bli møtt av **GLØDANDE**, **SKAPANDE** og **TILSTEDEVÆRANDE** vaksne.

Me ynskjer dykk hjertelig velkommen til å dele magiske og lærerike augneblink ilag med oss i Storebø FUS. Saman skal me bygge vennskap og oppleve kvardagsmagi både store og små.

Storebø FUS barn skal glede seg til resten av livet☺

Litt informasjon om tilvenning i Storebø FUS barnehage:

No er tida inne for at deres barn skal byrja i barnehagen her hos oss. For mange kan det være ein stor omstilling å starte i barnehage og det er derfor nødvendig at ein sett av litt tid slik at det blir ein trygg tilvenning. Barnehagen ynskjer at ein eller begge foreldre skal være med barnet i tilvenningsperioden. Det er veldig individuelt kor lang tid barnet ditt treng på å tilpasse seg den nye kvardagen, men me anbefaler at dykk set av 3 dagar. Målet er at overgangen frå heimen til barnehagen skal gå så knirkefritt som mulig.

Første dag:



Den første dagen bør dykk være nær barnet og være tilgjengelig heile tida. For å få ein god tilvenning er det viktig at dykk er aktiv med på å introdusere det nye miljøet. Foreldra kan stille barnet, er i rommet under leik etc.

Andre dag:

Personalet overtek meir av ansvaret for ditt barn, men framleis er du/ dykk ved stell, lek etc. Etter avtale med barnet og personalet, bør dykk forsøke å forlate barnet ein stund.

Tredje dag:

Den tredje dagen vert planlagt etter avtale mellom foreldra og personalet. Me tek då utgangspunkt i korleis barnet har det etter dei to første dagane.

Korleis ta avskjed med barnet?

Sei ifrå til barnet ditt når du skal gå. Barnet ditt vert usikker dersom du «sniker» deg ut. Det er viktig at barnet ditt får erfaring med at dykk ikkje går, før dykk har sagt ifrå. Er du som foreldre usikker vert barnet ditt usikker.

Det er mange barn som gråter ved avskjed. Det kan være vanskelig for foreldra og barnet å ta avskjed i byrjinga. Vår erfaring er at barnet roer seg rett etter at foreldra er gått. Men ring oss uansett om du lurar på noko ☺

Klær

Det skal alltid ligge to sett med klesskift i hylla og tilpass dette etter årstidene. For barn som nettopp har sluttet med bleie er det lurt å ha ekstra truser og bukser i barnehagen. Det er viktig at det også heng yttertøy til dei forskjellige årstidene i grovgarderoben. Her er ei liste over klær og fottøy som barnet ditt treng i barnehagen:

- Ekstra undertøy
- Ekstra stillongs (høst, vinter)
- Ekstra sokker
- Ullsokker (høst, vinter)
- Ullbukser (høst, vinter)
- Ekstra bukser
- Ekstra genser
- Tjukk genser/ fleece
- Kjeladress
- Regnklær
- Støvler
- Gode vintersko
- Hue
- Votter

Barn som bruker bleier tar med seg våtservietter og bleier. IKKJE up and go. Det kan også være lurt å ta med seg salve dersom barnet blir sår.

Måltid

Barnet får servert alle måltid i barnehagen. Frokost, lunsj, melk og frukt.



Storebø

Merking av barnet eiendeler

Det er veldig viktig at du merker barnet ditt sine eiendeler. Kler og gjenstandar som vert liggande utan namn vert med tida kasta.

Soving

Barn som treng søvn sover ute i egne vogner. Det er viktig at dyner, poser o.l vert tilpassa vær og vind.

Baser i barnehagen:

Bjørn og reve basen : telefon nr: 90 26 50 93

Ekorn basen: telefon : 90 74 31 10

Klatremus og Harepus basen: telefon nr: 46 88 66 23

Ta gjerne kontakt med daglig leiar Agnete Søreide 90615467 dersom du lurar på noko.

Ser fram til å bli kjent med dykk ☺

Med vennlig hilsen
Storebø FUS barnehage AS



barnehagene

ALLE BARN
ER BEST!



MAL TIL INFORMASJONSMØTE :

- Informasjonsmøtet skal heldast innan slutten av mai kvart år.
- Møtet er retta mot foreldre/foresatte til barn som har fått plass i barnehagen under hovedopptaket.
- Pedagogisk leiar og dagleg leiar har ansvar for møtet.
- Foreldre/foresatte skal få høve til å få svar på det dei lurar på, informasjon om barnehagen og om kva dei kan forvente seg.
- Gå igjennom serviceerklæringa.
- Me går igjennom velkomstbrevet, der det står mykje nyttig informasjon, blant anna om tilvenning.
- Me fortel kor mange som jobbar på basen og eventuelt kven dei er.
- Me fortel om dagsrytmen som er eit utgangspunkt for rutinar på basen. Dagsrytmen kan endrast ved behov.
- Måltider; Barna får frukost, lunsj og frukt.
- Informer om egenledelse i leik og vis brosjyre.
- Informer om oppstartsamtale.
- Informer om primærkontakt.
- Dei frammøtte får ei omvisning i barnehagen.

**ALLE BARN
ER BEST!**



Oppstartsamtale

I Storebø FUS barnehage vert det lagt til rette for ei samtale med foresatte innen 14 dager etter at barna er begynt i barnehagen. Pedagogiskleder og/eller primærkontakten vil ha samtalen.

Målet for samtalen er:

- Å utveksle viktig informasjon og bli kjent.
- Trygge barn og foreldre.
- Skape gode relasjonar med foresatte.

Utgangspunkt for oppstartsamtalet:

Foreldra

1. Kva treng me å vita om barnet ditt?
Allergier, familiesituasjon evt samværsavtaler.
2. Kva likar barnet å leike med?
3. Kva forventar dykk av barnehagen?
4. Kva er viktig i barneoppdragelsen for dykk som foreldre?
5. Kva trur dykk at personalet generelt kan gjere for å støtte barnet den fyrste tida?
6. Kva ynskje har de? Korleis samarbeide best mulig?
7. Foreldra er ekspert på sitt/sine barn, me er ekspertar på barn!

Informasjon frå barnehagen

1. Dagsrytmen, rutinar, måltid, aktivitetar, levering og henting.
2. Personalet
3. Primærkontakt, den fyrste tida i barnehagen.
4. Tilvenningsperioden.
5. Informasjon om My Kid og månedsbrev.
6. Serviceerklæring
7. Vedtekter
8. Tillatelse skjema (My kid)

PRIMÆRKONTAKT

Når barna begynner i barnehagen får de ein voksen som sin primærkontakt. Primærkontakten kan ha fleire barn som ho skal ha ansvar for. Primærkontakten har eit spesielt ansvar for å følgje opp sitt/sine barn og foreldra.

Opgava til primærkontakten er:

- Gi ekstra oppmerksomhet til sitt/sine barn.
- Passe ekstra på at de har det godt i barnehagen.
- Gi tilbakemelding til barnas foreldre.
- Følgje opp barna i daglege situasjonar.
- Gi barnet omsorg og nærhet
- Oppmuntra og utfordre
- Introdusere barnet for andre barn og vaksne
- Nært samarbeid med foresatte.
- Gi barnet oversikt.
- Lytte til barnet.
- Kan delta på oppstartsamtaler.
- Har et spesielt ansvar for å gi foresatte informasjon. Er det noko «vanskelig» å ta opp er det barnehagelærer sitt ansvar.
- Ein skal avtale tilvenning med føresette.

Omsorg for borna utanom tilvenningsfasen

- Husk å sjå barna som allereie er tilvendt i barnehagen. Dei treng å bli sett og høyrte. Personalet på basen har eit ansvar for å tilrettelegge slik at barna har ein best mogleg kvardag. Små grupper kan være lurt for å inkludere barna i resten av gruppa. Under tilvenninga vil det naturligvis være gråt. Det er ein av grunnane til at me bør dela gruppa. Borna vil føle seg tryggare når ein kjent vaksen følger dei og er i smågrupper
- Alle barn har behov for å bli sett og føle seg trygge, enten borna er under tilvenning eller godt kjent i barnehagen.

